

Fra: raamund@sogn.no
Sendt: 28. juni 2015 16:42
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Råmund Nyhammer

raamund@sogn.no

Indre Nesse 3, 6899 Balestrand

Eg ønsker IKKJE at Regjeringa skal tillate søndagsopne butikkar!

Søndagsfri betyr friheit både frå arbeid og frå handel. Vi treng ikkje fleire dagar med shopping og auka forbruk.

Søndag er ein dag for frivillig arbeid og mange brukar den til helsebringande friluftsliv. Når butikkane er stengt, er det tid for andre aktivitetar. Søndagsturen, frivillig innsats, rekreasjon og avslapping. Ein fridag er ikkje berre godt for helsa og hovudet, det er også bra for miljøet!

Søndagsopent gjer at fleire butikker må halde opne noko som fører til auka energibruk. Tilsette må på jobb og folk trekker til butikkar og kjøpesenter på ein dag med søndagsruter på tog og buss, og det vil bli langt mer bilkøyring.

Søndagsstengte butikkar er ei viktig ramme som gir oss andre møteplassar og måtar å være saman på. Seks dager i veka er kommersielle handledagar, éin dag tilbyr noko anna. Både folk og miljø treng ein kviledag.

Derfor ber eg regjeringa stoppe forslaget om søndagsopne butikkar. Det er ei løysing på eit problem veldig få har, som skaper nye problem for mange fleire. La oss behalde kviledagen vår.

